



Ålesund  
kommune

# SPRÅKBRUKSPLAN



# Innhold

1.0 Innleiing .....	2
2.0 Språkpolitiske mål .....	4
3.0 Strategi for å nå måla .....	6
4.0 Kommunikasjonskanalane til kommunen .....	6
5.0 Oversikt over språkval i Ålesund kommune .....	7
6.0 Universell utforming av nettsidene til kommunen .....	9
7.0 Særskilde forhold.....	10

*Denne planen er utarbeidd av arbeidsutvalet for språkbruksplan i Ålesund kommune. Planen har vore til høyring og blei vedtatt av Ålesund kommunestyre 3. desember 2020.*

## 1.0 Innleiing

Den 1. januar 2020 vart kommunane Haram, Sandøy, Skodje, Ørskog og Ålesund slått saman til ein ny storkommune. Språkbruksplanen til Ålesund kommune er forankra i vedtaket i Ålesund kommunestyre og i nasjonale lover og proposisjonar.

I St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* står mellom anna dette om hovudinnhaldet i språkpolitikken:

Det overordna målet for språkpolitikken byggjer på den erkjenninga at norsk er kløyvd i to skriftspråk. Desse er formelt likestilte, men har i røynda svært ulike rammevilkår.

Det er behov for eit meir heilhjarta og systematisk arbeid for å styrkja nynorsk språk og den nynorske skriftkulturen på brei basis.

[...]

Det overordna målet for språkpolitikken må difor vera å sikra det norske språkets posisjon som eit fullverdig, samfunnsberande språk i Noreg. Dette perspektivet er det grunnleggjande gjennomgangstemaet i denne meldinga.

*(St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk, s. 14)*

I Ålesund kommune skal vi nytte eit moderne og normalisert nynorsk. Kommunen bør nytte det radikale bokmålet som ligg tettast opptil dialekta i Ålesund. Bruk av skriftspråk skal omtalast i språkprofilen til Ålesund kommune.

Ålesund kommune skal vidare medverke til å styrke bruken av det nynorske skriftspråket i det offentlege. Arbeidet skal vere forankra i dei nasjonale retningslinjene for språkarbeid nedfelt i den nye språklova som er under behandling i Stortinget.

Regjeringa vil føre ein offensiv språkpolitikk for å utvikle og tryggje språk som kulturberar, samfunnsinfrastruktur og uttrykk for identitet. (Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*, s. 9)

I lovdelen er føremålet å lovfeste statusen til norsk språk og å definere statusen til samiske språk, norsk teiknspråk og nasjonale minoritetsspråk (kvensk, romani, romanes), dvs. dei språka som staten etter internasjonale avtalar har eit ansvar for. Føremålet er også å slå fast det ansvaret det offentlege har for dei nemnde språka. (Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk (språklova)*, s. 8)

### **I desember 2019 gjorde det nye kommunestyret i Ålesund følgjande vedtak:**

- Ålesund kommune krev med heimel i mållova § 5 første ledd nynorsk i skriv frå statsorgan til kommunen.
- Kommunen sine organ skal svare på skriv frå private rettssubjekt i den målforma som er nytta i skrivet, slik det går fram av mållova § 6. Dersom kommunen ikkje kjenner språkønsket til vedkomande, kan den tilsette velje sjølv.
- Tilsette kan nytte bokmål i sitt daglege arbeid, til dømes i referat, notat og rapportar, samt i skriv til innbyggjarane og andre der det ikkje er krav til ei bestemt målform.

- Grunnskular held fram med den målforma dei har på det tidspunktet nye Ålesund kommune trer i kraft, og fram til kommunestyret vedtek noko anna etter reglane i opplæringslova.

Det skal utarbeidast ein språkbruksplan for Ålesund kommune. Denne skal klargjere og setje rammer for gjennomføringa av punkta over. Planen skal regulere bruken av både nynorsk og bokmål i kommunen. Komité for kultur og medborgarskap får i oppgåve å legge fram språkbruksplanen i løpet av første halvår 2020. Komiteen skal i arbeidet legge til rette for valfridom for både innbyggjarar og tilsette når det gjeld skriftspråk. Det skal vere ein høyringsprosess der lag og organisasjonar, innbyggjarar og tilsette kan kome med innspel til språkbruksplanen. Fram til ein språkbruksplan er vedteken, får rådmannen fullmakt til å finne gode overgangsordningar.

I 2019 vart prosjektet «nye Ålesund kommune» tildelt prisen for «Årets nynorskkommune» av Språkrådet.

## 2.0 Språkpolitiske mål

### Hovudmål:

#### 1. Bruke eit levande og godt språk som er forankra i lokale dialekter og talemål

Skriftspråket som vert nytta i kommunen, skal vere så godt og variert som mogleg og ligge nær opptil det allmenne talemålet. Dialektene er ein sær viktig del av den lokale kulturarven. Å ha eit godt feste i ei dialekt gir identitet og sjølvkjensle. Ålesund kommune skal bidra til å verne om dialektene våre gjennom levande bruk og utvikling.

#### 2. Legge til rette for at språket skal vere samlande og bidra til kulturbygging i kommunen

- Ålesund kommune skal drive aktivt språkarbeid. Målet er at språket skal samle oss, ikkje splitte oss. Vi skal arbeide for auka forståing for nynorsk, men samstundes ta omsyn til dei språklege utfordringane kvar enkelt tilsett står overfor.
- Kommunen skal svare på brev frå innbyggjarane i same målform som var brukt i brevet.
- I omtale av byggefelt, vegar og andre stadnamn skal namn bygge på lokal namnetradisjon. Skrivemåten skal følgje stadnamnlova frå 1990, revidert i 2019.

#### 3. Innbyggjarane skal oppleve kommunikasjonen med kommunen som klar og tydeleg

Språkbruksplanen til Ålesund kommune er forankra i klarspråkstankegangen. Klarspråk er ein offentleg standard for språkbruk. Det skal medverke til å fornye, forenkla og forbetre offentleg informasjon gjennom nettstaden [klarsprak.no](https://www.klarsprak.no).

Definisjonen på klarspråk er: <sup>1</sup>

kommunikasjon med så tydeleg ordlyd, struktur og visuell utforming at lesarane i målgruppa finn informasjonen dei treng, forstår han og kan bruke han.

---

<sup>1</sup> Kjelde: <https://www.sprakradet.no/klarsprak/om-klarsprak/kort-om-klarsprak/>

### **Klart språk er forankra i fem hovudpunkt:**

- a. Klarspråk fremmar demokratiet og rettstryggleiken.
- b. Klarspråk skaper tillit.
- c. Med klarspråk sparer styresmaktene tid og pengar.
- d. Klarspråk fremmar kommunikasjonen.
- e. Det offentlege skal vere eit føredøme.

All kommunikasjon frå Ålesund kommune skal utformast slik at det er lett for mottakaren å forstå innhaldet.

- Undersøkingar viser at ein av tre innbyggerar har problem med å forstå innhaldet i offentleg informasjon. Dette er eit demokratisk problem og fører til auka kostnader for kommunen. Kommunen skal kommunisere på ein klar, tydeleg og lettfatteleg måte til grupper som har vanskar med å lese, er blinde, har norsk som andrespråk eller har andre utfordringar som fører til nedsett leseevne. Kommunen skal, om mogleg, nytte teiknspråk og film for å presentere informasjon om ulike tenestetilbod til desse gruppene.
- Språkbruksplanen medverke til å betre den skriftlege dialogen med innbyggerane i kommunen.
- Skriftspråket til dei tilsette i Ålesund kommune skal vere enkelt, klart og brukarvennleg. Det skal vere korrekt etter gjeldande rettskriving og bør ligge nær opptil talemålet i kommunen.
- Kommunen skal gjennomføre konkrete tiltak for å fremme god språkbruk og eit tydeleg nærvær av begge dei norske skriftspråka i det lokale næringslivet.
- Universell utforming skal vektleggast i all kommunikasjon frå kommunen.

### **4. Legge til rette for språkleg valfridom**

- Tilsette skal òg ha valfridom i språkvalet i det daglege arbeidet og i utarbeiding av dokument, så lenge dette ikkje bryt med språkvedtaket i kommunestyret og språkbruksplanen.
- Saksbehandlarar skal oppmodast til å bruke nynorsk, men kan nytte begge skriftspråk.
- Skriftlege forslag til vedtak som blir fremma i politiske møte, skal først inn i protokollen på den målforma forslaget er skrive på. Tekst i retningslinjer og forskrifter må samordnast, slik at desse dokumenta står fram som heilskaplege og i same målform.

### **5. Fremje auka bruk av nynorsk både internt og i samfunnet**

- Kommunen skal legge til rette for at medarbeidarane får opplæring slik at måla i språkbruksplanen kan bli oppfylte.
- Ålesund kommune skal ha ein språkprofil som gjer greie for tiltak for å nå måla i språkbruksplanen, og skrivereglar for tilsette i kommunen. Språkprofilen er dynamisk, og tiltaka for å nå måla skal oppdaterast annakvart år.

- Kommunen må stille språkkrav ved innkjøp av programvare og andre digitale verktøy og samarbeide med andre nynorskkommunar om å få utvikla nynorskutgåver av digitale verktøy som skal kjøpast inn.
- Kommunale føretak og aksjeselskap står fritt til val av skriftspråk, men skal oppmodast til å bruke nynorsk.
- Interkommunale selskap/oppgåvefelleskap skal oppmodast til å bruke nynorsk som administrasjonsspråk.
- Kommunen skal vere medlem i Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK), ei samanslutning av kommunar og fylkeskommunar. LNK har som formål å fremme nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd.

### 3.0 Strategi for å nå måla

Språkbruksplanen skal vere ambisiøs og spegle måla som Ålesund kommune har i språkarbeidet. Kommunen tek sikte på å gi alle saksbehandlarar og dei som har publiseringsansvar for nettsidene til kommunen, tilbod om kurs og rettleiing i nynorsk språkbruk. Det er eit leiaransvar å sjå til at dei som har behov for opplæring får det.

Ålesund kommune skal ha ein kompetanseplan for språk for dei tilsette. Kommunen skal etablere ein ressursbase på interne nettsider der tilsette kan søke språkhjelp.

Kommunen skal kartlegge ressurspersonar som kan støtte kollegaene sine i språkarbeid, slik at ein legg til rette for kollegahjelp.

Kommunen skal heile tida ha oppdatert korrekturverktøy tilgjengeleg for alle tilsette som driv saksbehandling eller har ansvar for publisering på nettsidene til kommunen.

Ålesund kommune skal ha ein eigen plan for språkopplæring i skolar og barnehagar.

### 4.0 Kommunikasjonskanalane til kommunen

Ålesund kommune skal bruke kanalar som er tilpassa den ønskede målgruppa. Verksemdene og tilsette skal bruke dei kanalane og plattformene som er best eigna til å kommunisere med dei ulike målgruppene som kommunen har.

Nettstaden [alesund.kommune.no](http://alesund.kommune.no) skal vere hovudkanalen for informasjon om tenestetilbodet i kommunen, om ansvarsområde og om politiske saker. Her skal innbyggjarane og andre interesserte finne det dei treng samla på éin stad døgnet rundt. Gode nettsider gjer det mogleg for innbyggjarane å finne fram sjølve, og det gir oss ei døgnopen forvaltning.

Ålesund kommune skal følgje lover og reglar om offentleg kommunikasjon. Blant anna følgjer vi statens kommunikasjonspolitikk, som inneheld sentrale mål og prinsipp for statleg kommunikasjon med innbyggjarar, næringsliv, organisasjonar og andre offentlege verksemdar.

Dei overordna måla for den statlege kommunikasjonspolitikken er at innbyggerane skal

- få korrekt og klar informasjon om kva rettar, plikter og moglegheiter dei har
- ha tilgang til informasjon om statens verksemder
- inviterast til å delta i utforming av politikk, ordningar og tenester

Desse måla skal òg leggest til grunn for språkarbeidet i kommunen, og dei er forankra i kommunikasjonsstrategien til Ålesund kommune.

#### Prinsipp for god kommunikasjon:

##### **Openheit**

I kommunikasjonen med innbyggerane skal kommunen vere open, tydeleg og tilgjengeleg.

##### **Medverknad**

Kommunen skal ta innbyggerane med på råd og involvere dei i utforminga av politikk og tenester i saker som vedkjem dei.

##### **Nå alle**

Kommunen skal sørkje for at relevant informasjon når fram til alle som dei ulike sakene vedkjem.

##### **Aktiv**

Kommunen skal aktivt og i tide informere innbyggerane om kva rettar, plikter og moglegheiter dei har.

##### **Heilskap**

Kommunen skal vere einskapleg og samordna i kommunikasjonen med innbyggerane og andre. Det er eit viktig prinsipp at kommunikasjonsansvaret skal følgje linje- og saksansvaret.

##### **Interne kanalar**

Kommuneleiinga i Ålesund kommune skal nytte nynorsk i all overordna intern kommunikasjon. Hovudkanalen for intern kommunikasjon i kommunen er intranettløysinga.

Det er fleire verksemder som leverer innhald til sidene, og intranettet kan ha tekst på både nynorsk og bokmål. Men det skal leggest til rette for auka bruk av nynorsk også internt i kommunen.

## 5.0 Oversikt over språkval i Ålesund kommune

Det overordna målet for Ålesund kommune er at mest mogleg av kommunikasjon og saksbehandling skal vere på nynorsk. Kommunen skal legge til rette for at tilsette i verksemdene kan bruke nynorsk, også der det ikkje er krav om å bruke nynorsk.

Kommunikasjon og språkbruk er eit leiaransvar, og leiarane skal sjå til at alle tilsette følgjer opp språkbruksplanen. Kommunedirektøren skal i årsmeldinga orientere kommunestyret om korleis språkbruksplanen vert følgd opp.

Ålesund kommune vil at tilsette i kommunen skal få nytte hovudskriftmålet sitt når dette er mogleg. Kommunen har laga ei rettleiing for språkbruk i ulike kanalar og ved utarbeiding av materiell. Oversikta viser i kva situasjonar ein har valfridom, og når ein skal nytte det offisielle skriftspråket til kommunen.

Alle nye eksterne skjema/søknader frå kommunen skal leggest ut på både nynorsk og bokmål. Når gamle skjema/søknader vert oppdaterte, skal nye produserast på både nynorsk og bokmål og vere tilgjengelege på nettet.

I dei kommunale verksemdene er hovudregelen at ein skal bruke nynorsk i ekstern kommunikasjon. I visse høve kan ein nytte bokmål. Skolane nyttar det offisielle skriftspråket i sin krins.

I intern kommunikasjon i verksemdene er det valfritt kva målform ein nyttar. Kommunen skal arbeide for auka bruk av nynorsk.

Kanal/materiell	Målform	Merknad
Hovudsida nett, <a href="http://www.alesund.kommune.no">www.alesund.kommune.no</a>	Nynorsk	
Eksterne skjema på nettsida	Nynorsk/bokmål	Søknader m.m. skal vere på begge skriftspråk.
Kommunikasjon med stat og fylkeskommune	Nynorsk	
Offentleg informasjon frå kommunen	Nynorsk	Fellesskriv, innbyggjarpost
Giroar/fakturaer	Nynorsk	
Pressemeldingar frå kommunen	Nynorsk	
Den offisielle Facebook-sida til kommunen	Nynorsk	
Den offisielle Instagram-sida	Nynorsk	
Informasjonsmateriell, skilt, plakatar, brosjyrar m.m.	Nynorsk	Frå kommunedirektør og stabar
Stillingsannonsar/fellesannonse	Nynorsk	
Protokollar frå politiske møte	Nynorsk	Tilleggsforslag kan leverast i begge målformer
Saksframlegg til kommunestyret/utvala	Valfritt	Nynorsk som hovudregel.
Årsmeldingar og overordna planar, budsjett og rekneskapar	Nynorsk	
Dokument/rapportar/faktagrunnlag som er utarbeidde av saksbehandlarar til politisk vedtak	Valfritt	
Svar på brev frå innbyggjarar	Nynorsk/bokmål	Same målform som innbyggjarane har brukt
Forskrifter til lovdata	Nynorsk	
Juridiske dokument og vurderingar	Valfritt	
<b>Intern kommunikasjon</b>		
Offisiell intern kommunikasjon frå leiinga og stabane	Nynorsk	
Offisielt intranett og interne skjema	Nynorsk/bokmål	Einingar som produserer innhald, kan bruke bokmål
Felles reglar, retningslinjer for alle, personalhandboka	Nynorsk	
Interne dokument i forvaltninga	Valfritt	



Verksemdene		
Ekstern informasjon, einingar	Nynorsk/bokmål	Oppmode til å bruke nynorsk
Intern informasjon, einingar	Valfritt	Oppmode til å bruke nynorsk
Informasjonsmateriell, skilt plakatar, brosjyrar m.m. frå verksemdar	Nynorsk/bokmål	Oppmode til å bruke nynorsk Verksemdar med eige språkvedtak, kan nytte det språket dei sjølve har valt
Facebook-sidene til verksemdene	Valfritt	
Anna		
Aksjeselskap	Valfritt	
Kommunale føretak	Valfritt	

## 6.0 Universell utforming av nettsidene til kommunen

Ålesund kommune skal oppfylle dei nasjonale direktiva i [forskrift om universell utforming av informasjons- og kommunikasjonsteknologiske \(IKT\)-løysingar](#) i alle dei digitale plattformene sine.

Nettstaden [www.alesund.kommune.no](http://www.alesund.kommune.no) er hovudløysinga vår for digital kommunikasjon og skal tilby informasjon og sjølvhjelp døgnet rundt.

Universell utforming av IKT-løysingane våre er avgjerande for å sikre likeverdig samfunnsdeltaking. Ansvar for universell utforming gjeld både det redaksjonelle arbeidet og den tekniske IKT-løysinga.

I forskrifta er omgrepet hovudløysing definert slik:

**IKT-løysningar som er en integrert del av den måten virksomheten informerer og tilbyr sine tjenester til allmennheten på, og som er knyttet til virksomhetens alminnelige funksjon.<sup>2</sup>**

The Center for Universal Design lanserte i 1997 sju prinsipp for universell utforming. Prinsippa var først retta inn mot universell utforming av bygningar og uteområde, men i dag gjeld dei generelt.

### Dei sju prinsippa som ligg til grunn for universell utforming:<sup>3</sup>

1. **Tilrettelagd for alle brukarar.** Utforminga skal vere brukarvennleg og gjere løysinga tilgjengeleg for personar med ulike evner.
2. **Fleksibel i bruk:** Utforminga skal vere tilpassa eit vidt spekter av individuelle preferansar og evner.
3. **Enkel og intuitiv i bruk:** Utforminga skal vere lett å forstå utan omsyn til kva erfaring, kunnskap, språkevne eller konsentrasjonsnivå brukaren har.

<sup>2</sup> Definisjon henta frå: <https://uu.difi.no/krav-og-regelverk/kva-seier-forskrifta#iktloysingar>

<sup>3</sup> Innhaldet er henta frå Digitaliseringsdirektoratet, Tilsynet for universell utforming av ikt: <https://uu.difi.no/krav-og-regelverk/kva-seier-forskrifta#allmenta>

4. **Forståeleg informasjon:** Utforminga skal gi naudsynt informasjon til brukaren på ein effektiv måte, uavhengig av forhold knytte til omgivnadene eller dei sensoriske evnene til brukaren.
5. **Toleranse for feil:** Utforminga skal minimalisere farar og skadar som kan gi ugunstige konsekvensar, og minimaliserer utilsikta handlingar.
6. **Små fysiske utfordringar:** Utforminga skal kunne brukast effektivt og enkelt med minst mogleg strev.
7. **Storleik og plass for tilgang og bruk:** Føremålstenleg storleik og plassering skal gjere det mogleg med tilgang, rekkevidde, betening og bruk uavhengig av kroppsstorleiken, kroppsstillinga eller mobiliteten til brukaren.

Ideen universell utforming er å lage hovudløysinga så brukarvenleg at det blir lite behov for spesialløysingar ved sida av.

På den måten oppnår vi

- færre løysingar å utvikle og halde ved like
- få eller ingen spesialløysingar for personar med nedsett funksjonsevne
- løysingar som er enklare og betre for alle
- fleire måtar å bruke løysingane på
- høve for fleire til å bruke løysingane

## 7.0 Særskilde vilkår

Ålesund kommune skal gi god, lesevennleg informasjon til alle grupper i samfunnet.

Kommunen skal i kommunikasjonen med innbyggjarane ta særleg omsyn til grupper som kan ha problem med å forstå språket. Både innvandrarar, menneske med dysleksi og grupper med sansetap (syn, høyrsel) eller andre utfordringar som gjer lesing vanskeleg, skal ha tilbod eller rettleiing frå kommunen dersom dei ber om det.

Tilsette med norsk som andrespråk bør ha tilgang til ein språkkontakt der dei kan søke råd og få hjelp til bruk av nynorsk og bokmål.

Ålesund kommune skal i størst mogleg grad nytte norske ord og uttrykk og ikkje utanlandske, til dømes nettmøte og ikkje webinar.

Kommunen skal ha ei eiga ordliste med omsettingar av engelske stillingstitlar, ord og uttrykk som det offentlege nyttar.